

PROTOKOLL

frå årsmøtet i
Vestland Venstre

13. – 14. februar 2021

Digitalt møte på Zoom
grunna Covid-19



Grete Line Simonsen

Årsmøtevald protokollsignatar



Merethe Hopland

Årsmøtevald protokollsignatar

Konstituering ÅM-1 - ÅM-5

ÅM-1. Opning og namneopprop

Fylkesleiar Åsta Årøen ønskte velkomen og opna møtet kl. 15.00
Namneopprop.

Fullmaktsnemnda v/Jo Lerheim la seinare fram ei innstilling og 117 delegatar vart godkjent.

Fylkesstyret

1. Åsta Årøen
2. Jan Henrik Nygård
3. Agnes Hoshovde Bernes
4. Geir Angeltveit
5. Elizabeth Toft Erichsen
6. Jo Lerheim
7. Jon Frogner

Alver Venstre

8. Marius Hellan Hindenes
9. Rolf Nesheim
10. Sveinung Toft (laurdag)
11. Sigstein Århus

Askvoll Venstre

12. Gunnar Osland (laurdag - vara Jostein Grane søndag)
13. Arnt Henning Blom
14. Line Rotihaug
15. Åshild Hestvik Grytten

Askøy Venstre

16. Merethe R. Hopland
17. Mikael Christensen
18. Kristoffer Robin Johannesen
19. Marit Helen Leirheim

Aurland Venstre

20. Leif Inge Underdal
21. Trond Mjøs

Austevoll Venstre

22. Bjørn Magne Hufthammer
23. Arne Lier

Bergen Venstre

24. Heine Johansen
25. Miriam Seim
26. Galo J. Austegard
27. Julie Andersland (laurdag til kl 17.00, søndag til 12.30 - vara Anne Karin Berge laurdag)
28. Erlend Horn (laurdag – vara Knut Camillo Tornes søndag)
29. Grete Line Simonsen
30. Per-Arne H. Larsen
31. Ingrid Nergaard Fjeldstad
32. Tom Hiis Bergh
33. Ane Breivik
34. August Simonsen

35. Astrid K. Hårstad
36. Mathias Fischer
37. Geir Kjell Andersland
38. Saima Naz Akhtar laurdag– vara Morten Nødtvedt søndag
39. Njaal Neckelmann
40. Peder Lofnes Hauge
41. Gunn-Vivian Eide
42. Erling Birkeland
43. Christer Bendixen
44. Gard S. Johanson (lørdag - vara Torstein Stråtveit søndag)
45. Runar B. Mæland
46. Tallak L. Rundholt
47. Ingrid Bjørge-Engeland

Bjørnafjorden Venstre

48. Astrid Dale
49. Kristian Harnes
50. Torodd Kinn

Bremanger Venstre

51. Irene Storøy
52. Svein Olav Senneset
53. Svein Arne Torvanger

Bømlo Venstre

54. Alf Helge Greaker
55. Silje Sivertsen
56. Vanja Espeland (laurdag)

Etne Venstre

57. Kristin Golf
58. Jan Terje Rafdal

Fjaler Venstre

59. Gunhild Berge Stang
60. Ståle Brattelid (søndag)

Kinn Venstre

61. Jacob Nødseth
62. Hilmar Eliasson (laurdag - vara Rune Nygård søndag)
63. Klaus Iversen
64. Edvard Iversen
65. Vivian Norstrand

Kvam Venstre

66. Ingrid Bjørke Nisamjan (laurdag)
67. Torbjørn Eide

Kvinnherad Venstre

68. Kent Are K Petterson
69. Synnøve Handeland

Masfjorden Venstre

70. Alf Strand (laurdag)

Osterøy Venstre

71. Bjørn Tore Sund
72. Kjersti Vevatne

Sogndal Venstre

- 73. Are Kvistad
- 74. Trude Risnes
- 75. Else Mundal
- 76. Maria C. Knagenhjelm

Stad Venstre

- 77. Alfred Bjørlo
- 78. Marilyn Osmundsvåg
- 79. Ingebjørg Flyum Bjørlo
- 80. Svein Rotevatn
- 81. Ole Martini
- 82. Stig Gunnar Myren
- 83. Helle Frogner

Stord Venstre:

- 84. Chris-André Elvik
- 85. Camilla Elen Berg Larsen
- 86. Ove Steinsland

Stryn Venstre:

- 87. Janne Elin Alsaker (laurdag), Magne Wathne (søndag)
- 88. Torstein Tvinnereim (laurdag), Endre Bø (søndag)

Sunnfjord Venstre:

- 89. Vigdis Tønning
- 90. Kurt Hafstad
- 91. Gunn Merete Paulsen
- 92. Atle Hamar
- 93. Magnhild Runde

Sveio Venstre:

- 94. Andreas Kraaijeveld Enerstvedt
- 95. Knut Richard Hein Sønsteby

Ullensvang Venstre:

- 96. Guro Svenkerud Fresvik
- 97. Eivind Tokheim

Ulvik Venstre:

- 98. Håkon Gjerde
- 99. Ingrid Sponheim (laurdag - vara Reidar Meel søndag)
- 100. Anders Kr. Oppheim

Voss Venstre:

- 101. Elin Seim
- 102. Odrun Vellene Vevatne
- 103. Ingebjørg Winjum (laurdag - vara Arvid Birkeland søndag)
- 104. Katrina Øvsthus Stavenes

Øygarden Venstre:

- 105. Brith Ediassen
- 106. Børge Haugetun
- 107. Ellen Pedersen
- 108. Remi Lønøy

Vestland Liberale Studenter:

- 109. Erik Justus Grünert

Bergen Liberale Studentforening:

110. Synne Hveem

Vestland Unge Venstre:

111. Jens Håkon Birkeland

Askøy Unge Venstre:

112. Ole Magnus Njåstad Nynes

Bergen Unge Venstre:

113. Jørgen Hovland Mo. Vara: Thea Amundsen

Sunnfjord og Kinn UV:

114. Dina Bovim

Unge Venstre NHH:

115. Jean-Clément Lemaire

Vestland Venstrekvinnelag

116. Kari Østervold Toft

Midhordaland Venstrekvinnelag

117. Birgitte Hjertaas

Følgjande lokallag stilte ikkje: Gloppen Venstre, Gulen Venstre, Luster Venstre og Vik Venstre

Observatørar, gjester:

Terje Breivik, stortingsrepresentant
Sveinung Rotevatn, Klima- og miljøminister
Gro Gjelsvik, fylkessekretær
Linda Ness Rotihaug, fylkessekretær

.....

Helsingar til fylkesårsmøtet:

- Ordførar i Bergen, Marte Mjøs Persen (Ap)
- Leiar i Bergen Venstre, Heine Johansen
- Leiar av Vestland Venstrekvinnelag, Kari Østervold Toft
- Leiar av Vestland Unge Venstre, Jens Håkon Birkeland
- Partileiar i Venstre, Guri Melby

ÅM-2. Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtaksak

Årsmøteinnkalling vart sendt til lokallagsleiarar og leiarar for sideorganisasjonane 16. desember 2020 og orientering om styret si avgjersle om digital gjennomføring av årsmøtet gjekk ut 19. januar.

Vedtak: Innkallinga til årsmøtet godkjend utan merknader.

Fylkesstyret sitt forslag til sakliste for fylkesårsmøtet i Vestland Venstre 2021:

- ÅM-1. Opning og namneopprop
- ÅM-2. Godkjenning av innkalling og sakliste
- ÅM-3. Godkjenning av program
- ÅM-4. Godkjenning av forretningsorden
- ÅM-5. Val av møteleiarar, fullmaktsnemnd, møtesekretærer, referentar, teljekorps, signatarar og evt. supplering av redaksjonsnemnd for fråsegner
- ÅM-6. Fråsegner
- ÅM-7. Årsmelding 2020
- ÅM-8. Rekneskap 2020
- ÅM-9. Vedtektsendringar
- ÅM-10. Organisasjonsdebatt
Vedtak av plan for valkamparbeidet i fylkeslaget
- ÅM-11. Vedtak av eventuell tilleggskontingent for 2022
- ÅM-12. Budsjett for 2021
- ÅM-13. Eventuelt suppleringsval til fylkesstyret
Val av valnemnd og landsmøteutsendingar
- ÅM-14. Handsaming av utkast til stortingsvalprogram
- ÅM-15. Val av redaksjonsnemnd for fylkesårsmøtet 2022
- ÅM-16. Innkomne saker

Vedtak: Sakliste godkjend utan merknader.

ÅM-3. Godkjenning av program

Vedtaksak

Fylkesstyret sitt forslag til Program for fylkesårsmøtet 13.-14. februar:

Laurdag 13. februar

14.45 *Møterom for årsmøtet opnar*

15.00 Opning av fylkesårsmøtet

Opning ved fylkesleiar Åsta Årøen

Kort teknisk gjennomgang

Helsingar til årsmøtet

Namneopprop og val av møteleiarar

Val av fullmaktsnemnd, møtesekretærer, referentar, teljekorps, signatarar og eventuell supplering redaksjonsnemnd.

Godkjenning av innkalling og sakliste

Godkjenning av program og forretningsorden

Orientering frå redaksjonsnemnd for politiske fråsegner

16.15 Pause

16.30 Orientering frå fullmaktsnemnda - godkjenning av delegatar

Årsmelding 2020 og rekneskap 2020

Orienteringar frå stortingsrepr, ft.gruppa og sideorg.ane om arbeidet i 2020

Fråsegner (tal og prioritering)

18.00 Pause

18.15 Organisasjonsdebatt og vedtak av valkampplan
Vedtaksendringar
Tilleggskontingent 2022 og Budsjett 2021
Fråsegner

19.30 Slutt for dagen

Søndag 14. februar

10.00 *Møterommet opnar*

10.30 Fylkesårs møtet fortset

Fråsegner

Innleiing til stortingsvalprogrammet ved Sveinung Rotevatn

Behandling av utkastet til stortingsvalprogram - kapittel for kapittel.

12.30 Lunsjpause

13.15 Behandling av stortingsvalprogrammet fortset.
Voteringar på endringsforslag til stortingsvalprogrammet
Val av LM-utsendingar
Val av valnemnd
Val av redaksjonsnemnd for ÅM22

15.00 Førstekandidatane for dei to valkrinsane avsluttar møtet med ei motivasjonstale

15.30 Slutt

Vedtak: Programmet godkjend utan endringar

ÅM-4. Godkjenning av forretningsorden

Vedtaks sak

Fylkesstyret sitt framlegg til Forretningsorden for fylkesårs møte i Vestland Venstre:

Om den generelle avviklinga av debatten:

1. Fylkesårs møtet vert leia av to møteleiarar som vert valde ved konstitueringa av møtet. Møteleiarane må sjå til at dei oppsette rammene for debatten vert haldne. Dei kan difor avgjere om avgrensa taletid skal innførast og gjere framlegg om når "strek" skal setjast.
2. Møtedelegatar med stemmerett får ordet i den rekkjefølgja dei melder seg på talarlista ved trykkje på symbolet «Raise hand».
3. Møteleiarane kan tillata inntil to replikkar til kvart debattinnlegg, etter replikkar er det høve til svarreplikk for den som hald debattinnlegget. Ein replikk kan vere maksimum 1 minutt lang. Replikk skal vere retta til det føregåande debattinnlegget, svarreplikk til replikkane den er svar til. Delegatane teiknar seg til replikk ved å trykkje på symbolet «Open mouth» (det symbolet mellom «latter og hjerte»). Møteleiar gir replikk til dei som først ber om det.
4. Møteleiarane gjer framlegg om prosedyre for eigenpresentasjon og støttetalarar før personval.
5. Valde delegatar og møteleiarbordet kan fremje framlegg om talerett for personar som er til stades utan å ha slik talerett etter vedtektene, anten for ei einskild sak eller for heile møtet.
6. Eventuelle endringar i vedtatt forretningsorden krev 2/3 fleirtal.

Om framlegg:

1. Alle framlegg som vert sett fram til votering skal vere innsendt skriftleg innan dei fristar som er vedtatt for dette møtet. Andre framlegg skal formidlast skriftleg til møteleiar via chat eller anna løysing som er vedtatt for dette møtet.
2. Framlegg som gjeld sjølve møteavviklinga, t.d. om voteringsorden, taletid eller «strek», kan med møteleiar si tilslutning setjast under votering utan å vere fremma skriftleg.
3. Alle endringsframlegg skal leverast elektronisk og tydeleg merka med saksnummer og type endringsframlegg. Leverast på eige skjema i saker der dette er tilgjengeleg.
4. Fylkesårsmøtet fastset frist for innlevering av endringsframlegg til fråsegner.

Om votering utanom personval:

1. Møteleiar gjer framlegg om voteringsorden, og fylkesårsmøtet fastset denne før kvar votering når det gjeld saker der vedtektene ikkje fastset voteringsprosedyre. Endringsframlegg skal settast opp mot innstillingane.
2. I opne voteringar voterast det med «grøn-yes» eller «rød-no»-knappane i Zoom. I skriftlege/anonyme voteringar vil det dukke opp et voteringsalternativ på skjermen (inne i Zoom), og delegaten kan der avlegge sitt svar
3. Når fleire alternative framlegg ligg føre, skal det først voterast over det mest ytterleggående, og til slutt alternativ votering mellom de to siste framlegga, så langt ingen krev separat votering.
4. Det kan haldast prøvevotering.

Valprosedyre:

1. Dersom det berre føreligg eitt namneforslag til ein plass/ei rolle, og ingen krev skriftleg votering, kan vala gjerast ved akklamasjon. (Gjerast ved å trykkje på klappe-symbollet eller klappe synleg for kamera.)
2. Dersom det er to eller fleire kandidatar til ein og same plass/rolle og dersom minst ein utsending krev det, skal valet vere skriftleg/anonymt, ved bruk av «polls».(Dette blir gitt rettleiing om)
3. Å stemme blankt vert rekna som gitt stemme.
4. Den er vald som oppnår fleire enn halvparten av dei stemmene som er gitt.
5. Dersom ingen kandidat i første valomgang oppnår fleire enn halvparten av dei gitte stemmene, skal det haldast omval. Er det fleire enn to kandidatar, fell kandidaten med færrest stemmer ut i kvar valomgang, inntil ein kandidat oppnår fleire enn halvparten av stemmene. Dersom to eller fleire kandidatar oppnår det same tal færrest stemmer i same valomgang, vert det loddtrekking om kven av kandidatane som fell ut.

.....

Møteleiarane føreslo følgjande endring: Ein teiknar seg til innlegg og replikk ved å skrive i chat, ikkje ved bruk av «raise hand» og «open mouth»-reaksjon som er føreslått frå styret. Dette for at det skal vere enklare for møteleiarane og andre å følgje med på rekkjefølgja og kven delegatane teiknar seg til replikk på.

Vedtak: Forretningsorden vart godkjend av årsmøtet med denne eine endringa.

ÅM-5. Val av møteleiarar, fullmaktsnemnd, møtesekretærar, referentar, teljekorps, signatarar og eventuell supplering av redaksjonsnemnd for fråsegner.

Vedtaks sak

Val av møteleiarar:

Vedtak:

Laurdag: Agnes Hoshovde Bernes og Elizabeth Toft Erichsen

Søndag: Julie Andersland, Gunn-Vivian Eide og Åsta Årøen.

Val av referentar:

Vedtak:

Referentkorps vert Linda Ness Rotihaug (begge dagar), Gro Gjelsvik (begge dagar) og Torstein Stråtveit (søndag)

Val av fullmaktsnemnd:

Vedtak:

Fullmaktsnemnd for fylkesårsmøtet vert den same som for nominasjonsmøta, samansett av Jo Lerheim, Vigdis Tønning og Ellen Pedersen. Fylkessekretær Linda Ness Rotihaug og fylkessekretær Gro Gjelsvik assisterer fullmaktsnemnda.

Teknisk ansvarlege/møtesekretær:

Vedtak: Jo Lerheim

Val av teljekorps:

Vedtak: Jon Frogner, Merete R. Hopland, Christer ML Bendixen

Protokollsignatarar:

Fylkesstyret hadde ikkje kome med forslag.

Grete Line Simonsen og Merethe Hopland melde seg til oppgåva.

Vedtak: Grete Line Simonsen og Merethe Hopland valde av årsmøtet

Eventuell supplering av redaksjonsnemnd for fråsegner:

Redaksjonsnemnda for politiske fråsegner var vald på årsmøtet i 2020.

Fylkesstyret har anbefalt Elizabeth Toft Erichsen som leiar.

Til orientering:

Jo Lerheim var i årsmøtevedtaket frå 2020 ført opp som leiar av redaksjonsnemnda. Sidan Lerheim har fått oppgåva som teknisk ansvarleg for den digitale gjennomføringa av møtet, har han ikkje høve til også å vere i redaksjonsnemnda. Vara Kjersti Vevatne har difor tiltredd nemnda under arbeidet i forkant. Redaksjonsnemnda har konstituert seg sjølv under sitt første møte 3. februar og er samansett av desse personane:

Elizabeth Toft Erichsen (leiar), Tom Hiis Bergh, Jacob Nødseth, Synnøve Handeland, Kjersti Vevatne. Frå Vestland Unge Venstre deltek Jens Håkon Birkeland.

Vestland Liberale Studenter har også hatt høve til å delta, men har ikkje møtt.

Vedtak: Redaksjonsnemnda vart ikkje supplert med fleire medlemmer.

ÅM-6. Fråsegner

Vedtakssak

Innleiing ved leiar i redaksjonsnemnda for fråsegner, Elizabeth Toft Erichsen. Det var kome inn 22 framlegg til fråsegner innan fristen gjekk ut 1. februar. Red.nemnda hadde forslag på at årsmøtet handsamar tre - 3 - fråsegner, eventuelt fire om det vert tid.

Nemnda hadde lagt fram fire eigne forslag til fråsegner, basert på fleire av dei innkomne forslaga.

Debatt på tal på fråsegner

Desse hadde ordet på tal fråsegner:

- Heine Johansen, foreslo 4
- Torstein Tvinnereim, foreslo 4
- Geir Kjell Andersland, foreslo 4
- Gunn Merete Paulsen, foreslo 5

Vedtak etter votering: Fleirtal for at årsmøtet handsamar 4 fråsegner.

Debatt på kva fråsegner som skal handsamast

Delegatane måtte setje alternative forslag opp mot dei fire forslaga red.nemnda hadde innstilt på.

Desse hadde ordet:

- | | |
|---------------------------|---------------------------|
| ● Geir Kjell Andersland | ● Trond Mjøs (r) |
| ● Gunn Merete Paulsen | ● Kristin Golf (sr) |
| ● Jacob Nødseth | ● Gunhild Berge Stang |
| ● Vigdis Tonning (r) | ● Jens Håkon Birkeland |
| ● Gunn Merete Paulsen (r) | ● Børge Haugetun |
| ● Jacob Nødseth (sr) | ● Torstein Tvinnereim (r) |
| ● Klaus Iversen | ● Trude Risnes |
| ● Jon Frogner | ● Geir Kjell Andersland |
| ● Atle Hamar | ● Svin Olav Senneset |
| ● Torstein Tvinnereim | ● Gard Skulstad |
| ● Kjersti Vevatne | ● Kjersti Vevatne |
| ● Jon Frogner (r) | ● Alfred Bjørlo |
| ● Merethe Hopland | ● Knut Camillo Tornes |
| ● Kristin Golf | ● Gunnar Osland |

Ingen forslag var sett opp mot forslag 1 frå redaksjonsnemnda: «Framtidsfylket Vestland»

Vedtak: Forslag 1 frå red.nemnda «Framtidsfylket Vestland» handsamast vidare i årsmøtet

Følgjande forslag var sett opp mot redaksjonsnemnda sitt forslag 2: «Enkeltmennesket og systemet»: Opphavleg fråsegn 2 om bustadpolitikk og opphavleg fråsegn 3 om AAP

Votering:

Opphavleg fråsegn 2 om bustadpolitikk vann mot fråsegn 3 om AAP i første runde (76/30)

Opphavleg fråsegn 2 om bustadpolitikk vann mot red.nemnda sitt forslag 2 (64/45)

Vedtak: Fråsegn 2 «Bolig for alle» handsamast vidare i årsmøtet

Følgjande forslag var sett opp mot redaksjonsnemnda sitt forslag 3: «Naturen som premiss!»: Opphavleg fråsegn 6 om Førdefjorden og opphavleg fråsegn 3 om AAP.

Votering:

Opphavleg fråsegn 6 om Førdefjorden vann mot opphavleg fråsegn 3 om AAP i første runde. (61/44)

Opphavleg fråsegn 6 om Førdefjorden 6 tapte mot red.nemnda sitt forslag 3 «Naturen som premiss» (28/82)

Vedtak: Forslag 3 frå red.nemnda: «Naturen som premiss!» handsamast vidare i årsmøtet

Følgjande forslag var sett opp mot redaksjonsnemnda sitt forslag 4: «Totalforsvaret må opp frå gløymeboka»: Opphavleg fråsegn 7 «Norsk innvandringspolitikk må reformerast: UDI må endrast, UNE må leggjast ned».

Votering > Opphavleg fråsegn 7 vann over redaksjonsnemnda sitt forslag 4 (58/54)

Vedtak: Fråsegn 7 «Norsk innvandringspolitikk må reformerast: UDI må endrast, UNE må leggjast ned» handsamast vidare i årsmøtet.

Handsaming av fråsegnene

Redaksjonsnemnda spurde om det var endringsforslag til **fråsegna om**

innvandringspolitikk. Om so ikkje var, kunne den handsamast allereie laurdag.

Ingen melde inn at dei hadde endringsforslag til denne fråsegna og den vart dermed handsama laurdag.

Ingen hadde ordet til debatt.

Vedtak: Fråsegna [«Norsk innvandringspolitikk må reformerast: UDI må endrast, UNE må leggjast ned»](#) vart samrøystes vedteke.

Det vart ytra ønskje om å oversende denne fråsegna til Landsstyret.

Leiar av red.nemnda, Elizabeth Toft Erichsen foreslo at **frist for å sende inn endringsforslag** til dei andre tre fråsegnene, på eige elektronisk skjema til red.nemnda, vert sett til søndag kl. 10.00.

Vedtak: Årsmøtet godkjende fristen

Handsaming av fråsegn: Framtidsfylket Vestland

Det var kome inn 9 endringsforslag frå delegatane og redaksjonsnemnda hadde sjølv kome med 3 endringsforslag, mellom anna eit forslag om ny tittel. 3 av forslaga vart trekte til fordel for redaksjonsnemnda sine forslag.

Desse hadde ordet under handsaminga av fråsegna:

- Alfred Bjørlo
- Torodd Kinn
- Geir Angeltveit (r)
- Kristin Golf
- Elizabeth Toft Erichsen

Votering over endringsforslag: Sjå eige skjema.

Vedtak: Fråsegna [«Vestland skapar framtida sjølv!»](#) vart vedteke med nokre endringar.

Handsaming av fråsegn: Naturen som premiss!

Det var kome inn 7 endringsforslag frå delegatane og redaksjonsnemnda hadde sjølv kome med 5 endringsforslag.

Desse hadde ordet under handsaminga av fråsegna:

- Gunn Merete Paulsen
- Jon Frogner
- Leif Inge Underdal
- Vigdis Tonning
- Kjersti Vevatne
- Vigdis Tonning (r)
- Gunn Merete Paulsen (r)
- Kjersti Vevatne (sr)

Votering over endringsforslag: Sjå eige skjema.

Vedtak: Fråsegna «[Naturen som premiss!](#)» vart vedteke med nokre endringar.

Det vart ikkje tid til å handsame ferdig **fråsegna «Bolig for alle»**. Møteleiarane foreslo at fråsegna oversendast til fylkesstyret for vidare handsaming.

Vedtak: Fråsegna om bustadpolitikk oversendast til fylkesstyret for endeleg handsaming.

Møteleiarane foreslo at alle dei innsende forslaga til fråsegner som ikkje vart handsama av årsmøtet skal oversendast til fylkesstyret for vidare oppfølging.

Vedtak: Resten av dei innkomne forslaga oversendast til fylkesstyret for vidare oppfølging.

ÅM-7. Årsmeldingar 2020

Vedtaksak/Orienteringssak

Godkjenning av årsmelding 2020 Vestland Venstre

Fylkesleiar Åsta Årøen la fram årsmeldinga.

Desse hadde spørsmål til årsmeldinga:

- Julie Andersland
- Elin Seim

Vedtak: Årsmøtet tek årsmeldinga for 2020 til etterretning, med tilføyning at Elin Seim overtok vervet etter Gunhild Berge Stang i hovudstyret i KS.

Årsmelding 2020 Vestland Unge Venstre
Årsmelding 2020 Vestland Venstrekvinnelag

Det vart ikkje brukt tid på å orientere om desse i møtet, årsmeldingane var sendt ut til alle delegatar på førehand.

Årsmelding 2020 fylkestinggruppa i Vestland
Gruppeleiar Geir Kjell Andersland orienterte kort om årsmeldinga frå gruppa.

.....

Storingsrepresentant Terje Breivik (Hordaland) hadde ordet og orienterte årsmøtet om arbeidet til stortingsgruppa i 2020.

ÅM-8. Rekneskap 2020

Vedtakssak

Godkjenning av rekneskap for 2020:

Jan Henrik Nygård la fram rekneskap for 2020. Den er ført av fylkessekretær Gro Gjelsvik og den er revidert av internrevisorar Vigdis Tonning og Synnøve Handeland.

Revisorrapporten vart framlagt av Vigdis Tonning i møtet: «Rekneskapen er gjennomgått og funnen i orden. Revisorane tilrår at årsmøtet godkjenner rekneskapen og fritek styret for ansvar».

Følgjande hadde spørsmål til rekneskapen:

- Klaus Iversen

Godkjenning med aktiv votering med «raise hand».

Vedtak: Fylkesårsmøtet godkjenner den reviderte rekneskapen for 2020 og fritek styret for ansvar.

ÅM-9. Vedtektsendringar

Vedtakssak

Fylkesleiar Åsta Årøen la fram forslaga til vedtektsendringar.

Vestland Venstre har sidan samanslåinga følgd normalvedtektene for fylkes- og regionlag av Venstre.

Årsmøtet har no høve til å endre vedtektene. Vedtektene kan berre endrast når minst to tredeler stemmer for det.

Framlegg til vedtektsendringar frå fylkesstyret:

Fylkesstyret har i styremøte 5. januar kome med følgjande framlegg til endringar for handsaming i av årsmøtet:

1. Under §4. Fylkesstyret, tema: nemnder/utval

Type framlegg: Tillegg

Framlegg: Etter følgjande setning: *Fylkesstyret kan oppnemne eigne utval og komitear til å ta seg av særskilte oppgåver, som for eksempel valkamputval, skoleringsutval, programkomité og nominasjonskomité,* føyast det til:

Tilknytte, aktive sideorganisasjonar i fylket har rett på ein representant kvar i desse utvala.

Grunngeving: Naudsynt presisering etter lokal praksis. Normalvedtektene seier berre noko om sideorganisasjonane sin rett til representasjon i fylkesstyret og på fylkesårsmøtet.

Forslag til vedtak: Tillegget vert vedteke tatt inn i vedtektene

2. Under §4. Fylkesstyret, tema: nemnder/utval - same stad som i framlegg 1

Type framlegg: Tillegg

Framlegg: Etter følgjande setning: *Fylkesstyret kan oppnemne eigne utval og komitear til å ta seg av særskilte oppgåver, som for eksempel valkamputval, skoleringsutval, programkomité og nominasjonskomité,* føyast det til:

Dei nemnder/utval som fylkesstyret oppnemner skal fortrinnsvis skal ha ei samansetting med oddetal. Om nemnda/utvalet endar opp med eit partal av medlemmer, så skal utvalsleiar ha avgjerande dobbeltstemme ved stemmelikskap.

Grunngjeving: Vi hadde ein situasjon no i haust med partal i ei nemnd (fordi tre sideorganisasjonar deltok i forhandlingane) og stemmelikskap som hinda endeleg avgjerle.

Forslag til vedtak: Tillegget vert vedteke tatt inn i vedtektene

3. Under § 5. Fylkesårs møtet, tema: sideorganisasjonane sin representasjonsrett

Type framlegg: Endring

Noverande tekst: *Dernest har dei tilknytta organisasjonane Vestland Unge Venstre, Vestland Liberale studentar og Hordaland Venstrekvinnelag, i tillegg til sin styrerepresentant, éin delegat per fungerande lokallag i kommunane i fylket eller samanslegne lag. Det er ein føresetnad for representasjonsretten at laga har halde årsmøte same år som fylkesårs møtet eller året før dette.*

Framlegg til ny tekst: *Dernest har dei tilknytta organisasjonane Vestland Unge Venstre, Vestland Liberale studentar og **Vestland Venstrekvinnelag**, i tillegg til sin styrerepresentant, **rett på representasjon etter tal medlemmar per 31.12.:***

Inntil 25 medlemmer: 1 delegat

26-50 medlemmer: 2 delegatar

51-100 medlemmer: 3 delegatar

Vidare 1 delegat for kvar påbegynt 50 medlemmer.

Det er ein føresetnad for representasjonsretten at laga har halde årsmøte same år som fylkesårs møtet eller året før dette.

Grunngjeving:

i Venstre sine vedtekter er representasjon til landsmøtet rekna ut frå tal på medlemmar i fylkeslaga og i sideorganisasjonane. Og i samband med fylkesårs møtet vert representasjonen til dei lokale Venstrelaga rekna ut etter medlemstal.

I ein organisasjon bør same prinsipp gjelde gjennomgåande. Difor vil det vere ei 'rettare' løysing å leggje talet på medlemmar til grunn for representasjon frå sideorganisasjonane også i fylkesårs møtet.

Forslag til vedtak: Endringa vert vedteke

4. Gjennomgåande

Type framlegg: Redaksjonelt

*Hordaland Venstrekvinnelag har i løpet av 2020 endra namn til **Vestland Venstrekvinnelag**. Fylkesstyret ser det som naturleg å endre dette namnet gjennomgåande i vedtektene våre.*

Forslag til vedtak: Endringa oppfattast som redaksjonell

Desse hadde ordet i saka: Åsta Årøen og Kari Østervold Toft

Votering over forslaga til endringar i vedtektene:

Forslag nr. 1: Vedteke med over to tredjedelsfleirtal.

Forslag nr. 2: Vedteke med over to tredjedelsfleirtal.

Forslag nr. 3: Vedteke med over to tredjedelsfleirtal.

Forslag nr. 4: Vedteke med over to tredjedelsfleirtal.

Alle endringsforslaga vart altså vedteke og dei nye vedtektene sendast til sentralstyret for endeleg godkjenning.

ÅM-10. Organisasjonsdebatt

Vedtak av plan for valkamparbeidet i fylkeslaget

Vedtaks sak

Leiar av det førebuande valkamputvalet, Ingrid Nergaard Fjeldstad la fram valkamputvalet sitt forslag til valkampplan.

Valkampplan Vestland Venstre 2021

To på tinget i 2021

Målet med valkampen 2021 er at Vestland Venstre skal vere representert på Stortinget frå Hordaland valkrins og Sogn og Fjordane valkrins. Vestland Venstre skal bidra til at Venstre nasjonalt kjem over sperregrensa, og framleis kan sette sitt preg på den nasjonale politikken.

Organisering

Fylkesstyret sette i oktober 2020 ned eit utval som skal ha styring med, og førebu gjennomføringa av valkampen. Desse 4 medlemmene har vore med i Vestland valkamputval:

- Ingrid Nergaard Fjeldstad (leiar, Hordaland)
- Atle Hamar (Sogn og Fjordane)
- Kari Østervold Toft (Venstrekvinnelaget)
- Ole-Ansger N. Martini (Unge Venstre)

Valkamputvalet arbeider på vegne av heile Vestland. Denne planen er eit rammeverket for valkampen, det er alle me i Vestland Venstre som skal utføra arbeidet. Kvar og ein av oss er viktig for å nå målet.

Det førebuande valkamputvalet har laga eit valkampbudsjett med utgangspunkt i økonomiske rammar frå fylkeslaget.

Når nominasjonsmøtet har valt kandidatar, vil det bli oppretta eit valkamputval for kvar av valkrinsane. Dei vil bestå av toppkandidatane i tillegg til den tilsette valkamprådjevaren for kvar liste. Dei lokale valkamputvala vil få ansvar for utforming av materiell, kalendrar, debattar, annonsar og medievalkamp i valkrisen. Begge utval skal lage ein intern arbeids- og strategiplan for valkampen i valkrisen. Desse planane vil ikkje vere offentlege.

Dei to utvala skal samarbeide nært og ha jamlege kontaktpunkt for å vere koordinerte.

Hovudsaker

Vestland Venstre vil legge seg tett opp Venstre sine hovudsaker som vert vedteken på landsmøtet i april. Hovudfokus vil vere å snakke om eigen politikk, og overtyde eigne veljarar. Høg veljarlojalitet er ein nøkkelfaktor for å nå måla. Valkamputvalet har ansvar for å tilpasse Venstre sine hovudsaker til lokale bodskap.

Mål for antal røystar

For å nå målet om to stortingsrepresentantar frå Vestland Venstre må ein oppnå minst 12500 røystar i Hordaland valkrins og 4000 røystar i Sogn og Fjordane valkris (avhengig av utjamningsmandat). Røystemåla vert delt på alle lokallag i samråd med lokallaga. Berre saman kan ein klare å nå måla.

Valkamp under ein pandemi

Valkampen 2021 vil verte prega av Covid-19. Vestland Venstre skal gjennomføre ein forsvarleg valkamp og alltid fylje nasjonale og lokale smitteråd. Ein tek høgde i planlegginga at valkampen vert meir digital grunna pandemien. Når det er mogeleg vil ein gjennomføre ein mest mogeleg fysisk valkamp med fokus på flest mogeleg veljarmøter.

Evaluering

Valkamputvalet har saman med fylkesstyret ansvar for at valkampen vert evaluert etter valet.

Desse hadde ordet i debatten:

- Jan Henrik Nygård
- Jacob Nødseth
- Atle Hamar
- Alfred Bjørlo
- Ingrid N. Fjeldstad, til avslutning

Vedtak:

Valkamplanen til Vestland Venstre vart vedteken. Fylkesstyret får fullmakt til å konstituere det endelige valkamputvalet og vedta retningsliner for økonomistyring og informasjonsflyt.

ÅM-11. Eventuell tilleggskontingent for 2022

Vedtaks sak

Landsmøtet i Venstre har vedteke at medlemskontingenten til Venstre er på 300 kr og redusert kontingent er 150 kr for ikkje-yrkesaktive. Av den ordinære kontingenten skal lokallaget ha ein del på 50 kroner, fylkeslaget 75 kroner og Venstres Hovedorganisasjon 175 kr. Utover dette har lokallag og fylkeslag høve til å vedta ein eventuell tilleggskontingent (for ordinære medlemmer) på sine årsmøte året før innkrevjing.

Årsmøtet i 2020 gjorde vedtak om ein tilleggskontingent på 100 kr for Vestland Venstre i 2021, slik at fylkeslaget skal ha ein del på 175 kroner frå totalkontingenten for ordinære medlemmer. Av kontingent for ikkje-yrkesaktive medlemmer er fylkesandelen uansett 50 kroner .

Det er elles slik at alle nyinnmelde medlemmer i heile landet betalar ein standard minimumskontingent på 300 kr det første året, noko som gir fylkeslaga ein del på 75 kroner for desse.

Fylkesstyret foreslo at vi framleis skal krevje inn tilleggskontingent i 2022 og at vi held oss på same sats som i 2021.

Vedtak: Årsmøtet vedtek ein tilleggskontingent på 100 kr for 2022.

ÅM-12. Budsjet for 2021

Vedtaks sak

Jan Henrik Nygård la fram fylkesstyret sitt framlegg til budsjett for 2021.

INNTEKTER:		Budsjettforslag 2021	Rekneskap 2020	Budsjett 2020
		Vestland Venstre	Vestland Venstre	Vestland Venstre
Offentleg stønad	>stat	359000,00	358651,88	358650,00
	>fylke	0,00	0,00	0,00
Tilskot frå fylkestingsgruppa		250000,00	417881,00	380000,00
Medlemskontingent		120000,00	117875,00	132000,00

Venstrevennbidrag	45000,00	45107,00	60000,00
Gåver/valkampbidrag	0,00	5550,00	0,00
Anna valkamppinntekt	63000,00	0,00	0,00
Tilskot studiearbeid (VS)	30000,00	19500,00	40000,00
Tilskot frå VHO til LPN	42500,00	0,00	35000,00
Eigendelar landsmøtet	0,00	11423,80	76000,00
Eigendelar LPN-samlingar	35000,00	0,00	20000,00
Reiseutjamning LM/LS	8000,00	19308,00	10000,00
Sal av administrasjonstjenester	0,00	10000,00	10000,00
Inntekt av loddsal	10000,00	13810,00	20000,00
Andre inntekter	0,00	0,00	0,00
Øreavrunding	0,00	0,00	0,00
Inntekt tidligare år	0,00	0,00	0,00
Renteinntekter	500,00	547,99	3000,00
Sum inntekter	963000,00	1019654,67	1144650,00

KOSTNADER:	Budsjettforslag 2021	Rekneskap 2020	Budsjett 2020
	Vestland Venstre	Vestland Venstre	Vestland Venstre
Lønskostnader sekretærer	225000,00	625073,25	620000,00
Kontorkostnader	10000,00	10132,67	15000,00
Leige heimekontor	5000,00	15000,00	15000,00
Lagerbod	9000,00	8520,00	4000,00
Nytt datautstyr/ -program	7000,00	6934,00	10000,00
Landsmøte	125000,00	121221,30	152000,00
Reiseutjamning LS/LM	5000,00	0,00	3000,00
Fylkesårsmøtet	3000,00	67222,50	60000,00
Fylkesstyret/interimsst.	15000,00	19028,60	30000,00
Samanslåingsprosess	0,00	0,00	0,00
Fylkestingsgruppa	0,00	0,00	0,00
Landsstyremøte	25000,00	2961,00	40000,00
Fylkessamlingar	100000,00	0,00	105000,00
Andre møte	7000,00	9058,00	10000,00
Nominasjonsnemnd	0,00	15418,60	10000,00
Nominasjonsmøtet	1500,00	0,00	0,00
Overføring V-vennbidrag til lokallag	11500,00	11052,00	15000,00
Organisasjonsarbeid	10000,00	0,00	10000,00
Valkamp	570000,00	0,00	0,00
Valkamputval	0,00	0,00	3000,00

Renter/gebyr	3500,00	3476,14	4000,00
Vipps-gebyr	500,00	287,31	200,00
Gåver	1500,00	775,55	1450,00
Tilskot til Unge Venstre	20000,00	20000,00	20000,00
Tilskot til Venstrekv.lag	5000,00	5000,00	5000,00
Tilskot til Liberale studentar	0,00	0,00	0,00
Kjøp av materiell	0,00	0,00	0,00
Miljøpris	0,00	199,00	0,00
Kurs sekretær	0,00	0,00	0,00
Diverse	52000,00	1646,70	1500,00
Øreavrunding	0,00	-0,05	0,00
Feriepenger, glemt kostnadsført i 2019	0,00	16326,34	0,00
Utgift tidl. År	1000,00	16357,37	500,00
Tap på fordringar	500,00	1620,00	0,00
Sum kostnader	1213000,00	977310,28	1134650,00
Resultat	-250000,00	42344,39	10000,00

Budsjettert underskot dekkast hovudsakleg av oppspart fri eigenkapital

Merknadar/forklaringar/bakgrunn:

Inntektsposten Gåver/valkampbidrag er satt til null kroner i budsjettforslaget for å angi at dette er midlar valkamputvalet har ansvaret for få satt i gang innsamling av. Tanken er at alt som kjem inn av reine valkampbidrag i løpet av året vil gå inn i valkampkassa som eit tillegg.

Til inntektsposten Tilskot frå fylkestingsgruppa. Fylkestingsgruppa har frå 1.1.21 tilsett eigen gruppesekretær. Når begge fylkessekretærene sluttar i løpet av februar/mars vil det ikkje lengre vere naturleg for gruppa å gje eit like stort sekretærtilskot som dei gjorde i 2020.

Kostnadsposten Valkamp vert sett til 570000 kr (brutto kostnadspost). I denne økonomiske ramma til valkampen ligg tilskotet på 63000 kr tildelt frå VHO til valkamprådgjevar inne.

Desse hadde ordet til budsjettet:

- Jan Henrik Nygård
- Jean-Clement Lemaire
- Klaus Iversen
- Jo Lerheim
- Åsta Årøen
- Leif Inge Underdal
- Erling Birkeland

Vedtak: Budsjett for 2021 vart vedteke.

Styret har moglegheit og fullmakt til i løpet av året å omdisponere midlar innanfor budsjettamma. Styret kan også velje å ikkje bruke alle midlane under Diverse og heller sikre eit mindre underskot.

ÅM-13.

Eventuelt suppleringsval til fylkesstyret

Det var ikkje naudsynt å supplere fylkesstyret.

Val av Valnemnd 2021-22

Fylkesleiar Åsta Årøen la fram styret sitt forslag til ny valnemnd. Valnemnda veljast for 2 år.

Fylkesstyret sitt forslag til Valnemnd 2021-22:

Janne Elin Alsaker, Stryn (leiar), Anne-Beth Njærheim, Bømlo, Hilmar Eliasson, Kinn, Astrid K. Hårstad, Bergen og Marius H. Hindenes, Alver

Varaer:

1. Erling Birkeland, Bergen
2. Trude Risnes, Sogndal
3. Oddrun Vellene Vevatne, Voss
4. Håkon Frode Særsten, Stord
5. Merethe Reksten Hopland, Askøy

I tillegg tiltrer sideorganisasjonane med kvar sin representant som dei peikar ut for oppgåva.

Ingen ønskte ordet til saka og ingen hadde andre forslag.

Vedtak: Valnemnd for 2021-2022 valt ved akklamasjon.

Val av Landsmøteutsendingar

Vestland Venstre har rett på totalt 18 utsendingar til Landsmøtet 2021, inkludert dei tre vi kan sende på landsstyrekvota.

Medlem av valnemnda for Vestland Venstre, Kjersti Vevatne la fram innstillinga, og orienterte om kva nemnda hadde lagt vekt på for val av utsendingar.

Innstilling på Landsmøteutsendingar 2021:

Nummer	Namn	Kommune	K/M	Rolle
1	Åsta Årøen	Bergen	K	Leiar, Vestland Venstre
2	Jan Henrik Nygård	Kinn	M	1. nestleiar, Vestland Venstre
3	Agnes Hoshovde Bernes	Alver	K	2. nestleiar, Vestland Venstre
4	Geir Kjell Andersland	Bergen	M	Gruppeleiar, Vestland Venstre
5	Kari Østervold Toft	Øygarden	K	Leiar, Vestland Venstrekvinnelag
6	Jens Håkon Birkeland	Voss	M	Leiar, Vestland Unge Venstre
7	Julie Andersland	Bergen	K	Gruppeleiar, Bergen Venstre
8	Gunnar Osland	Askvoll	M	Varaordførar
9	Astrid Dale	Bjørnafjorden	K	Lokallagsleiar
10	Torstein Tvinnereim	Stryn	M	Varaordførar

11	Elin Seim	Voss	K	Heradsstyrerepresentant
12	Heine Johansen	Bergen	M	Leiar, Bergen Venstre
13	Anne-Beth Njærheim	Bømlo	K	Kommunestyrrerepresentant
14	Terje Breivik	Ulvik	M	Stortingsrepresentant
15	Merethe Hopland	Askøy	K	Lokallagsleiar
16	Atle Hamar	Sunnfjord	M	Programkomité Venstre
17	Ane Breivik	Bergen	K	(innstilt andrekandidat i Hord vk)
18	Mathias Fischer	Bergen	M	Statssekretær

Varaliste:

1	Ingebjørg Flyum Bjørlo	Stad	K	Kommunestyrrerepresentant
2	Geir Angeltveit	Stord	M	(innstilt tredjekandidat i Hord vk)
3	Ingrid N. Fjeldstad	Bergen	K	(innstilt fjerdekandidat i Hord vk)
4	Ole Martini	Stad	M	(innstilt tredjekandidat i SFj vk)
5	Trude Risnes	Sogndal	K	(innstilt fjerdekandidat i SFj vk)
6	Peder Lofnes Hauge	Bergen	M	
7	Dina Bovim	Kinn	K	(innstilt femtekandidat i SFj vk)
8	Elizabeth Toft Erichsen	Øygarden	K	Lokallagsleiar, fylkesstyremedlem
9	Are Kvistad	Sogndal	M	Lokallagsleiar Nestleiar Bergen V (innstilt åttandekandidat i Hord vk)
10	Miriam Louise Seim	Bergen	K	
11	Elias Slåtten	Sunnfjord	M	(innstilt sjuandekandidat i SFj vk)
12	Kristin Steinsland	Stord	K	

Desse hadde ordet til innstillinga:

- Mathias Fischer
- Elin Seim
- Geir Angeltveit
- Ingrid N. Fjeldstad
- Jon Frogner
- Marit Helen Leirheim
- Edvard Iversen
- Jacob Nødseth (oppklaring)

Nye forslag:

- Mathias Fischer (innstilt på plass 18) opplyste fylkesårsmøtet om at han ikkje har høve til å delta på landsmøtet, og fremma forslag om Ingrid N. Fjeldstad på hans plass – Forslaget vart seinare trekt.
- Geir Angeltveit fremma forslag om seg sjølv på plass 18
- Edvard Iversen fremma forslag om Jacob Nødseth på plass 18 – Forslaget vart seinare trekt.
- Marit Helen Leirheim fremma forslag om Arild Räftevoll på 3. varaplass om den vert ledig

Før votering var det berre att eitt forslag på 18. plassen - Geir Angeltveit.

Votering:

Alle dei faste plassane under eitt:

Vedtak: Plass 1-18 valt, med Geir Angeltveit på 18. plass som einaste endring

På varalista var no 2. plass ledig etter at Geir Angeltveit rykkja opp.

Vedtak: Ingrid N. Fjeldstad valt på 2. varaplass, rykkja opp frå 3. og Arild Raftevoll valt på 3. varaplass.

Landsmøteutsendingar 2021 - endeleg liste:

1	Åsta Årøen	Bergen
2	Jan Henrik Nygård	Kinn
3	Agnes Hoshovde Bernes	Alver
4	Geir Kjell Andersland	Bergen
5	Kari Østervold Toft	Øygarden
6	Jens Håkon Birkeland	Voss
7	Julie Andersland	Bergen
8	Gunnar Osland	Askvoll
9	Astrid Dale	Bjørnafjorden
10	Torstein Tvinnereim	Stryn
11	Elin Seim	Voss
12	Heine Johansen	Bergen
13	Anne-Beth Njærheim	Bømlo
14	Terje Breivik	Ulvik
15	Merethe Hopland	Askøy
16	Atle Hamar	Sunnfjord
17	Ane Breivik	Bergen
18	Geir Angeltveit	Stord

Varaliste:

1	Ingebjørg Flyum Bjørlo	Stad
2	Ingrid N. Fjeldstad	Bergen
3	Arild Raftevoll	Askøy
4	Ole Martini	Stad
5	Trude Risnes	Sogndal
6	Peder Lofnes Hauge	Bergen
7	Dina Bovim	Kinn
8	Elizabeth Toft Erichsen	Øygarden
9	Are Kvistad	Sogndal

10	Miriam Louise Seim	Bergen
11	Elias Slåtten	Sunnfjord
12	Kristin Steinsland	Stord

Vedtak: Heile lista, med varautsendingar valt med desse endringane. Fylkesstyret har fullmakt til å avgjere kven av desse som, i tillegg til fylkesleiar, møter i landsstyret i samband med Landsmøtet. Fylkesstyret har fullmakt til å supplere varalista om den viser seg å vere for kort.

ÅM-14. Handsaming av utkast til stortingsvalprogram

Leiar av Venstre sin programkomité, Sveinung Rotevatn, innleidde til debatt.

Det vart debatt og votering kapittel for kapittel.

Innkome endringsforslag til programmet med fylkesstyret sine innstillingar låg føre i eige vedlegg

Votering over endringsforslaga etter debatten på kvart kapittel. Det var i tillegg halde rådgjevande votering på dei 5 dissensane i andreutkastet.

Desse hadde ordet i debatten på kapitla:

Innleiingskapittelet s. 3

- Geir Kjell Andersland
- Magne Wathne
- Børge Haugetun (r)
- Christer Bendixen
- Atle Hamar
- Jon Frogner

Kapittelet om klima s. s. 4-11

- Kristin Golf
- Runar B. Mæland - til dagsorden
- Kjersti Vevatne
- Astrid K. Hårstad
- Atle Hamar
- Heine Johansen
- Jan Henrik Nygård (r)
- Ingrid Nergaard Fjeldstad
- Tom Hiis Bergh (r)
- Elin Seim (r)
- Børge Haugetun

Kapittelet om grønne arbeidsplassar s. 12-18, med fire dissensar

- Magne Wathne
- Christer Bendixen - til dagsorden
- Ane Breivik
- Leif Inge Underland
- Eivind Tokheim (r)
- Heine Johansen

- Atle Hamar
- Knut Camillo Tornes (r)
- Atle Hamar (sr)
- Erling Birkeland
- August Simonsen
- Leif Inge Underdal (r)

Kapittelet om opplæring/utdanning: s. 19-25

- Christer Bendixen
- Ingebjørg Bjørlo
- Jean-Clement Lemaire
- Christer Bendixen

Kapittelet om trygge liv s. 26-33, med éin dissens

- Merethe Hopland
- Christer Bendixen
- Atle Hamar
- Geir Kjell Andersland
- Gunn-Vivian Eide

Kapittelet om fridom til å delta s. 34-43

- Merethe Hopland

Kapittelet om personvern s. 44-45

Ingen ønske ordet

Kapittelet om velferd s. 46-47

Ingen ønske ordet

Kapittelet om internasjonal politikk s. 48-52

- Runar B. Mæland
- Jens Håkon Birkeland
- Magne Wathne
- Atle Hamar

Votering på dei innsendte endringsforslaga: Sjå eige skjema

Dei fem dissensane - Resultat av rådgivande votering:

Formueskatt - tilnærma likt - 41 støtta dissensen, 42 støtta innstillinga

Vin og sterkøl i butikk - eit fleirtal på 55 støtta dissensen, medan 35 støtta innstillinga

Tollvern – eit mindretal på 31 støtta dissensen

Landbruksstøtte - eit mindretal på 26 støtta dissensen

Dissens på s.31 om å stryke setning om kontrollert omsetnad av cannabis - 43 støtta dissensen, 36 støtta innstillinga

....

Sekretariat/fylkesstyre sendar inn endringsforslaga frå årsmøtet til handsaming i landsstyret/på Landsmøtet innan fristen 1.mars 2021 (ny frist sidan Landsmøtet har fått ny dato).

ÅM-15. Val av redaksjonsnemnd for neste årsmøte

Fylkesstyret sitt forslag til **Redaksjonsnemnd for politiske fråsegner under årsmøtet 2022**

Leiar: Jan Henrik Nygård
Medlem: Tom Hiis Bergh
Medlem: Vanja Espeland

I tillegg tiltrer sideorganisasjonane med kvar sin representant som dei peikar ut for oppgåva.

Desse hadde ordet: Tom Hiis Bergh

Endringsforslag:

1. Frå Tom Hiis Bergh: Endring frå Tom Hiis Bergh til Kjersti Vevatne
2. Frå Tom Hiis Bergh: Supplere med eit ekstra medlem: Ane Breivik

Votering:

Endringsforslag 1: Vedteke samrøystes.
Endringsforslag 2: Vedteke samrøystes.

Vedtak: Redaksjonsnemnd for neste årsmøte vert valt med desse endringane.

Redaksjonsnemnd for politiske fråsegner under årsmøtet 2022

Leiar : Jan Henrik Nygård
Medlem: Kjersti Vevatne
Medlem: Vanja Espeland
Medlem: Ane Breivik

I tillegg tiltrer sideorganisasjonane med kvar sin representant som dei peikar ut for oppgåva.

Fylkesstyret har fullmakt til å supplere undervegs om nokon i nemnda melder forfall/ikkje kan møte ved neste årsmøte.

Nemnda startar arbeidet og konstituerer seg sjølve i forkant av årsmøtet.

ÅM-16. Innkomne saker

Det var ikkje kome inn saker innan fristen 12. januar

.....

Dei nyvalde førstekandidatane i dei to valkrinsane, Alfred Bjørlo og Sveinung Rotevatn avslutta med appellar.

Fylkesårsmøtet slutt kl. 16.15 søndag, tre kvarter på overtid